



DEN NORSKE KYRKJE

Ørsta kyrkjelege fellesråd

Gjeld brannsikkerheit og bruk av levande lys i Ørsta kyrkje.

For å leggje til rette for bruk av levande lys ved konserter og andre tilstellingar i Ørsta kyrkje har me sett opp nokre retningslinjer:

- 1.Lys i faste lysestakar og på pidestall e.l. med piggfeste kan stå på begge sider av koråpninga mellom denne og første benk på begge sider. Dei skal då være plassert slik at det er liten fare for å velte.
- 2.Levande lys skal som hovudregel ikkje nyttast i midtgang frå første benkerad og bakover då midtgang skal nyttast til rømmingsveg
- 3.Lys i «fjøslykter» e.l., kan plasserast på golvet ved/inntil benkevangen. Desse må være elektriske (batteri). Ikkje levande lys.
- 4.Lys i vindaugekarmar kan nyttast. Desse må være elektriske (batteri). Ikkje levande lys.
5. Bruk av lysglobe/ sandkasse: Står til vanleg plassert framme ved pianoet. Når den skal brukast ved sidegangen skal der være vakt og sløkkeutstyr, vatn/brannteppe.
6. Det kan stå lys i lykter på trappa ved inngangen. Ikkje frittståande levande lys som f.eks. bokser med levande-lys.

Retningslinene er fastsett av brannvernleiar i Ørsta kyrkje og kyrkjeverje 15.11.2014

7.Det viser seg at det nokre gongar er ynskjeleg med levande lys langsmed gangvegen opp mot kyrkja. Dei skal plasserast i god avstand frå inngangen/trappa. Etterpå skal dei ansvarlige for dette også fjerne dei.

8.Det skal ikkje plasserast lause stolar ved/mellan benkeradene i midtgangen. Dette er rømmingsveg.

9. Brannvakter: På galleriet 2 stk. 1 på kvar side. Det er sløkkeapparat på kvar side.
Ved hovedinngang 1
Ved sidegang 1
Ved/i koret er det den eller dei som er der som er vakt/er.

Leigetakar/arrangør stiller med nødvendige brannvakter.

Straum og utstyr i Ørsta kyrkje.

Til videre informasjon er det altså rømningsveg i sidegangen som må takast hensyn til for plassering av utstyr. Likeså er dette inngang for rullestolar etc. og plassering av slike. Det er også 1 rømningsveg fra koret som aktørar der må forholde seg til, slik at denne ikkje blir blokkert eller at dører vert sperra.
I kyrkja er det installert straumtilkopling for 63amp., eigen kontakt med påmontert overgang. 32A-9h Type 224. Vi har ikkje fordelingsutstyr til dette opplegget. Alt øvrig er 10A.
Til levande lys har vi 2 stk smijern- stakar. Kvar for 5 stk lys. Ellers div. pidestaller som kan benyttast.